ÅRSMELDING 2017

for Lom fjellstyre

LOM FJELLSTYRE

Føreord.

Årsmeldinga er ei samanfatning av den forvaltninga fjellstyret har utøvd, og ei oppsummering av noko av aktiviteten det har vore i fjellstyret siste året. Det er eit mål at årsmeldinga skal innehalde fakta-opplysningar som er allment interessante og relevante, og på den måten for seinare kunne ha ei viss historisk interesse.

Innhald:

1. Fjellstyret - administrasjonen
   - Samansetjing og administrasjon, arbeidsmiljø og like-stilling side 3
   - Ytre miljø side 3
   - Møte og synfaringar side 3
   - Representasjon og kurs for tillitsvalde/adm. side 4
2. OPPSYNSTENESTE
   - Oppsynsteneste og tenestesal til SNO m.fl. side 5
   - Rekruttering og samarbeid med skular side 6
   - Kurs og fagsamlingar for tilsette side 7
   - Rapportar – samarbeidet med SNO og politiet side 7
3. DYRKING, SETER OG BEITEBRUK
   - Setersaker side 8
   - Tilleggsjord side 8
   - Fellesdrifter og beitebruk side 8
   - Tamreinbeite side 8
4. ANNA AREALDISPONERING – VERNEOMRÅDE
   - Fritidshytter side 9
   - Turistanlegg side 9
   - Anna arealdisponering side 9
   - Verneområde i allmenningen side 9
5. EIGNE HYTTER OG ANLEGG
   - Fjellstyrehyttene side 10
   - Joflyvegen side 11
6. VILTSTELL OG JAKT
   - Småvilt side 11
   - Villrein side 13
   - Elg og hjort side 13
   - Rådyr side 14
   - Rovvilt side 15
7. FISKE
   - Fiskekortsalet side 15
   - Utsetjing av settefisk side 16
   - Anna kultiveringsarbeid side 17
   - Anna om fiskestellet og informasjonsarbeid side 17
8. ØKONOMI side 18

Framsida: *Utsikt frå Stetind mot Leirvassbu og Visdalen.. (Foto: Odd Repp).*

1. FJELLSTYRET - ADMINISTRASJONEN.

Fjellstyresamansetjing og administrasjon, arbeidsmiljø og likestilling.
Lom fjellstyre forvaltar bruksrettane etter fjellova i Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning i Lom kommune. Det totale arealet er på ca. 1,2 mill. dekar og utgjer ca. 62 % av heile arealet i kommunen. Fjellstyret består av 5 medlemer valde av kommunestyret. Leiar og nestleiar er også valde av kommunestyret.

Fjellstyreleiar:
Erik Frisvold

Fjellstyret har denne samansetjinga i valperioden 2015-2019:

medlemer	personlege varamedlemer
Erik Frisvold (leiar)	*Bjørn Ola Vaagaasarøygard*
Svanhild Lyngved (nestleiar)	*Sigrun Garmo*
Bjørnar Brustuen	*Magnhild Heidi Aabø*
Ellen Olasveen	*Egil Olav Nyrnes*
Norvald Hellekveen	*Harald Onsum Berg*

Administrasjonen er lokalisert på Norsk Fjellmuseum, og i 2017 har det vore desse tilsette:

Dagleg leiar:
Odd Repp

- Odd Repp - fast tilsett som fjelloppsyn og dagleg leiar.
- Magny Hilde - fast tilsett i 40 % stilling som kontormedarbeidar.
- Åsmund Galde - fast tilsett som sesonghjelp i perioden 1.5. – 30.11.
- Eilev Hellekveen – mellombels tilsett som sesongoppsyn for delar av juli og august månad.

Det er utarbeidd og vedteke HMS-rutinar for dei tilsette, samt at det er laga risikoanalyser og handlingsplanar.
Det var ikkje rapportert om nokon skade i samband med utføringa av arbeid for fjellstyret i 2017.

Styret meiner arbeidsmiljøet i fjellstyret er bra. Personalpolitikken vert rekna for å vera kjønnsnøytral på alle område. Arbeidstid og løn er regulert gjennom sentrale og lokale avtaler. Norges fjellstyresamband forhandla på vegne av fjellstyret i den sentrale forhandlinga med Naturviterne om løn og arbeidsvilkår.

Ytre miljø.
Verksemda fører i liten grad til forureining av det ytre miljø. Verksemda driv kjeldesortering. Spesialavfall vart teke vare på og levert på miljøstasjonen i Lom.

Møte og synfaringar.

5 fjellstyremøte

49 saker

Det vart halde 5 fjellstyremøte og behandla 49 saker i 2017, nokre færre enn i 2016. Fjellstyremøta har alle vore opne møte. Sakene fordelte seg slik på dei ymse saksområda (saker i 2016 i parantes):

Jakt/vilt	*6 (11)*	*Fiske/friluftsliv*	*3 (3)*
Motorferdsel	*7 (4)*	*Stønadsøknader*	*7 (5)*
Grunndisponering	*5 (1)*	*Seter/bruksr.saker*	*7 (16)*
Adm./interne saker	*6 (10)*	*Fritidshytter*	*1 (1)*
Høyringssaker	*2 (2)*	*Referatsaker*	*5 (6)*

Inga felles synfaring

Fjellstyret hadde ikkje felles synfaring med kommunen og Statskog dette året. Men fjellstyremedlemene og dei tilsette hadde den 25. og 26. august ein felles tur til Gjende-området med fjellstyremøte og overnatting på Gjendebu. Det vart sett på og orientert om det skjøtselsarbeidet som har vore utført i nærområdet til Gjendebu dei siste åra, og om fellesdrifta av storfe og utviklinga til denne sidan den vart starta opp att i 1988. Andre dagen vart det ein tur til fjellstyrehytta i Storådalen, i eit strålande sommarver.

Møte og synfaring i Gjendebu 25.-26./8

Bilde 1: Fjellstyret på tur. Rast ved Storådalshytta

Representasjon og kurs for fjellstyremedl./administrasjon.

Fagsamling på Gardermoen den 24.-27.1.

Årsmøtet og fagsamlinga for fjelloppsynet og tilsette i fjellstyra var på Gardermoen den 24. – 27. januar, der både Magny, Åsmund og Odd deltok. Denne konferansen var via mykje arbeidsgjevarrolla til fjellstyra, og derfor var også fjellstyremedlemene inviterte til å delta på dei siste to dagane av konferansen. Fjellstyreleiaren deltok såleis på denne delen av konferansen.

Årsmøte for Fjellstyrene i Oppland på Dombås den 20.-21.4.
Vertskap: Lesja fjellstyre

Lesja fjellstyre var vertskap for årsmøtet for Fjellstyrene i Oppland, som vart halde på Dombås den 20. og 21. april. Av fjellstyremedlemene deltok Erik Frisvold og Ellen Olasveen, medan Magny og Odd var med frå administrasjonen.

Rådgjevande utvalsmøte på Sognefjellshytta den 18.-19.9.

Det årlege møtet for fagleg rådgjevande utval i Jotunheimen nasjonalpark var på Sognefjellshytta den 18. og 19. september. Der var det synfaring og orientering om Sognefjellshytta som informasjonspunkt om Jotunheimen NP, samarbeidet om dette med Sognefjellshytta og Nasjonale Turistvegar, og om dei store investeringane og tiltaka som skulle gjennomførast der. Andre dagen var det synfaring mot Bøverbreen med utgangspunkt frå Krossbu. Erik Frisvold og Svanhild Lyngved deltok som representantar frå Lom kommune, og Odd Repp som oppsyn i nasjonalparken.

Bjørnar Brustuen representant i rådgjevande utval for Breheimen NP

Bjørnar Brustuen har vore representant for grunneigar- og bruksrettsinteressene i Lom i det rådgjevande utvalet for Breheimen NP, med Ingvill Hanslien som varamedlem.

Fjelloppsynet fjellstyret sin repr. i viltutvala

Fjelloppsynet har representert fjellstyret både i Skaihø og Bøverdalen viltområde. I Bøverdalen v.o. har han også vore sekretær. Garmo viltområde vart oppløyst frå 2017, da fleire av jaktrettshavarane meldte seg ut av samarbeidet.

Styreleiaren styre-medlem i AS Vågåfisk

Erik Frisvold har vore fjellstyret sin representant som styremedlem i AS Vågåfisk. Han vart attvald for perioden 2016-2019.

Prosjektet "Forenkling av utmarksforvalt-ninga"

I samarbeid med Norsk Fjellsenter, nasjonalparkforvaltar i Jotunheimen og Lom fjellstyre søkte Lom kommune i 2017 om prosjektmidlar til ei forsøksordning om forenkling av utmarksforvaltninga i kommunane. Dette er ei forsøksordning som Kommunal- og moderniseringsdepartementet har sett i gang, for å prøve ut i praksis ulike forenklingstiltak innan utmarks-forvaltninga. Kommunen fekk tildelt 1 mill. i prosjektmidlar, og det vart oppnemnt ei prosjektgruppe av næringssjef Åshild Amundsen og plan- og miljøvernrådgjevar Sander Sælthun frå kommunen, dagleg leiar Mai Bakken frå Norsk Fjellsenter, nasjonalparkforvaltar i Jotunheimen Kari Sveen, og Odd Repp frå Lom fjellstyre. Anne Silje Berg på Norsk Fjellsenter vart tilsett som prosjektleiar. I tillegg til dette vart det oppnemnt ei referansegruppe samansett av ymse brukargrupper av fjellet og utmarka, der m.a. fjellstyreleiaren er med, som prosjektgruppa kan trekkje inn og støtte seg på i arbeidet. Prosjektet skal munne ut i ein rapport til departementet i slutten av året 2019. Målet med prosjektet er å finne forbetringspotensiale i alle ledd av forvaltninga, som kan ha overføringsverdi til andre kommunar og verneområde. Dette vil bli ei utfordring, og krevje at det blir avsett tid til arbeidet, spesielt for dei som sit i prosjektgruppa.

2. OPPSYNSTENESTE.

Oppsynsteneste, tenestesal til SNO og anna utført feltarbeid.

Refusjon for oppsyn på kr.350.888

Refusjonen for oppsyn i statsallmenningen over Landbruks- og matdepartementet sitt budsjett var på kr.350.888, ein liten reell nedgang frå året før. Av feltarbeid vart det totalt utført 225 dagsverk. Dette utgjer 50 % av den totale arbeidsmengda til alle tilsette.

Tenestesal for SNO i Jotunheimen, Breheimen og for jerv-sporing for totalt kr.306.936

Bilde 2: Synfaring og planlegging av stigskjøtsel ved Sjugurdtind.

Statens naturoppsyn hadde eit tenestekjøp for oppsynsverksemd i verneområda på totalt kr. 110.000 for Jotunheimen NP og kr 25.000 for Breheimen NP. I tillegg hadde fjellstyret kontrakt om skjøtsel i verneområda på til saman kr 85.000, jervesporing for kr 27.000 og tilsyn etter motorferdselslova for kr 60.000. Totalt tenestesal til SNO for 2017 vart kr 306.936, ein nedgang i tenestekjøp frå året før på ca. kr. 25.000 .

83 dv. for SNO i verneområda

Den sentralt avtala timeprisen for tenestesal til SNO var på kr. 592,- . Medrekna pålagte møter, samlingar og kontorarbeid, utførte fjelloppsynet totalt 83 dagsverk for SNO i verneområda.

Snømålingar for NVE på Sognefjellet

Fjelloppsynet hadde tilsynet med og tok målingar att ved snøputa på Sognefjellet for NVE. På våren transporterte oppsynet breforskarane og deltok i bremålingane både på Storbreen og Heillstugubreen.

Oppsynsarbeidet både knytt til tenestesalet og eiga verksemd er samansett, og vil for det aller meste vera kombinerte oppdrag, der fleire oppgåver blir utført. I tillegg til reine oppsyns- og kontrolloppgåver, er fiskekultivering, skjøtsel og tilsyn med bruer og skilt m.m. viktige oppgåver. Og eit arbeid som har vore sterkt aukande, er arbeidet med å leggje til rette for bruk av alle hyttene fjellstyret har. Auken i utleige har gjort det nødvendig med hyppigare tilsyn og større behov for vedlikehald/reinhald av hyttene.

"Barske glæder" den 10. mars

Rekrutteringstiltak og samarbeid med skular.
Fjellstyret var delaktig att i arrangementet "Barske glæder" på Norsk Fjellsenter den 10. mars, eit fellestiltak mellom Norsk fjellsenter, Statens naturoppsyn, Villreinsenteret på Hjerkinn og Lom fjellstyre. Femte klasse på alle skulane i Vågå, Skjåk og Lom var inviterte og deltok. Presthaugen vart brukt som arena att.

Familiefiskedag ved Dalsvatnet den 2. juli – ca. 50 delt.

Bilde 3: Tilfredse fiskarar på fiskedagen.

Den årlege familiefiskedagen vart halde ved Dalsvatnet att. Dette skjedde sundag den 2. juli. Dessverre var det ein sur vind og ikkje finaste verdagen, men trass i dette møtte det opp ca. 50 deltakarar med store og små. Programmet var som før med naturstig, grilling og kaffiservering frå svartkjel.

Turopplegg for Wild-X til Galdhøpiggen og Dummdalsgrottene den 21. og 22. juli

Turopplegget for Wild-X over to dagar til Galdhøpiggen og Dummdalsgrottene i samarbeid med Fjellstyresambandet, vart gjennomført dagane 21. og 22. juli. Gruppa var på ca. 40 personar. Det var med guidar frå Aktiv i Lom båe dagane, og Åsmund og Eilev var med frå fjelloppsynet.

Amputert opplegg for Veodalsturen med 7. klassa

Opplegget fjelloppsynet saman med SNO har hatt for 7. klassingane i Veodalen vart noko amputert dette året. Regn og sterk vind gjorde det uforsvarleg både å gjennomføre mykje av opplegget, og å overnatte ute i telt eller lavvo. Frå vår side vart det derfor avgrensa til utsetting av settefisk. Heldigvis for elevane, som hadde forventningar til denne turen, fekk dei

Tur til Smørstabbreen med 8. kl. frå Skjåk den 14. sept.

tilbod av vertskapet i Glitterheim om å bu og overnatte der. Med noko anna program enn tidlegare vart derfor turen likevel gjennomført.
Den 14. september var Åsmund og Odd med 8. klasse frå Skjåk u-skole på bretur til Smørstabbreen, der det vart orientert til elevane om brevandring og risiko ved ferdsel på bre, samt om Jotunheimen nasjonalpark og vernereglane der.

Bilde 4: Bretur på Bøverbreen med 8.kl. frå Skjåk.

Opplæring i bruk av Statskog sitt kartverk

Opplæring i bruk av sosiale media i marknadsføringa

Kurs og fagsamlingar for tilsette.
Fagsamlinga for fjelloppsynet er omtala annan stad i årsmeldinga.

Statskog SF inviterte tilsette i fjellstyra i distriktet til ei samling på Lillehammer den 9. februar for å lære opp dei som hadde fått tilgang til det digitale kart-materialet deira, i bruken av denne digitale reiskapen. Både Magny og Odd deltok på dette kurset. Eit anna kurs same staden den 12. juni omhandla korleis vi best kan bruke digitale media i marknadsføringa og kommunikasjonen med dei ymse brukargruppene av fjellet og utmarka, der Åsmund og Odd deltok.

Rapportar – samarbeidet med SNO.
Det har vore eit godt samarbeid med SNO. Oppsynsteneste og informasjonsarbeid i verneområda har vore utført etter planlegging og i samråd med den ansvarlege frå SNO. Skjøtselsarbeidet har det vorte mindre oppdrag med, og det vesentlege av dette arbeidet har vore ettersyn og oppfølging av det som har vore gjort tidlegare.

Jervsporinga skjedde i samråd med, og under leiing av Esben Bø, rovviltansvarleg i SNO. Kontaktperson for SNO i Jotunheimen har vore Rigmor Solem, og for SNO i Breheimen Øyvind Angard. Feltdagbøker og rapportering har skjedd i samsvar med kontrakt.

Ikkje noko lovbrot rapportert inn til Politiet

Oppsynsmannskapet rapporterte ikkje om noko lovbrot til politiet. Det vart meldt til oppsynet om, og konstatert, eit tilfelle av tagging på ein stor stein i nærleiken av Spiterstulen. Det var ingen mistenkt eller noko aning om når dette hadde skjedd, så tilfellet vart ikkje meldt vidare til politiet. Det vart som vanleg gjeve tilsnakk til fleire

om å etterkome bandtvangen for hundar, utan at noko tilfelle var så graverande at det vart meldt til politiet.

Frifallsvedtak for 2 setrer, Lom prestegard og Frøyse

3. DYRKING, SETER OG BEITEBRUK.

Setersaker.

Fjellstyret gjorde vedtak om frifall av to setrer etter § 22 i seterforskriftene. Dette galdt setra til Lom prestegard, gnr. 70, bnr. 1, på Prestsetrene, og setra til Frøyse, gnr. 31, bnr.1, i Solhell. For setra til Frøyse vart vedtaket ikkje påklaga, og er endeleg. For setra til Lom prestegard er vedtaket påklaga, og skal til klagebehandling.

Avgiftsfritt feste på seterhus

Ein søknad om å omgjera eit avgiftsfritt feste på seterhusa til Andberg i Solhell til eit fritidsfeste, vart av fjellstyret tilrådd avslege. Statskog SF var samd med fjellstyret og avslo søknaden.

3 byggesaker på setrer

Klagen på frifallsvedtaket om setra til Torkveen, gnr. 67, bnr. 1, i Høydalen vart frafalt, og det vart her gjeve erklæring om eit avgiftsfritt feste på seterhuset. På grunn av rasfaren er det her frå bygningsmyndig-heitene ennå ikkje gjeve noko endeleg løyve til oppføring av nytt hus att.

Fjellstyret behandla vidare søknader om bygging på setrene til Mo på Nåvårseter, Torkveen i Høydalen og på Runningen si seter i Smørlia.

Inga utvising av tilleggsjord

Tilleggsjord.

Det vart ikkje behandla nokon søknad om utvising av dyrkingsjord eller beiteareal i 2017.

191 dyr i Veodalsdrifta

Fellesdrifter og beitebruk.

I fellesdrifta i Veodalen var det med 191 dyr frå 13 brukarar. Dette var om lag som året før (194). Ein dyre-eigar var utanbygds og betalte hamneleige for sine dyr. Det var tilsett gjetar på full tid som hadde ansvaret for tilsynet med storfedrifta. Eitt dyr vart sakna og fanst ikkje att. Fjellstyret løyvde kr.25.000 i driftstilskot til Veodalen beitelag, og vidare kr. 10.000 til sluttføring av sanketråa og dei nye skiljebingane i Veodalen.

145 dyr i Storådalsdrifta

Samansetninga av fedrifta i Veodalen har endra seg dei siste åra. Fleire gardsbruk har endra eller dreia drifta over frå mjølkeproduksjon til rein kjøtproduksjon, og dette er sjølvsagt årsak til at det i fellesdrifta har vore ein aukande andel av kjøtfe.

Tap av 2 dyr i fellesdrifta

Oppgradering av lekteren

I Gjendeområdet var det, som tidlegare, Storådalen beitelag som organiserte og stod for fellesdrifta. Dei hadde to gjetarar på deltid. Det vart sleppt 145 dyr frå 14 brukarar. Dette var om lag som året før (137). To dyr gjekk tapt i beitesesongen. Eitt måtte avlivast på grunn av broten fot, medan eitt ikkje vart attfunne. Tilfelle av laushundar i beiteområdet skjer ennå, men hadde vorte noko betre etter skiltinga i fjor om å ta omsyn til beitefeet. Fjellstyret løyvde kr. 25.000 i tilskot til fellesdrifta. Oppgraderinga og utbetring av lekteren med nye og sterkare motorar vart gjort før sesongen starta. Dette reduserte transporttida pr. tur vesentleg.

Vinterflokk på 2.355 av tamrein

Tamreinbeite.

Kr.388.420 i beiteleige

Lom tamreinlag brukte heile allmenningen på sørsida av Ottaelva som beiteområde. Laget hadde ein vinterflokk på snautt 2.355 dyr. Beitemønsteret var i hovudsak som

Overbeiting av villrein i Breheimen

tidlegare. Vinterbeitet var prega av noko nedising og til dels vanskelege beiteforhold, og utfordrande snøforhold. Ein del dyr gjekk med i snøskred på nokre plassar i området Bøvertun – Breidseterdalen. Beiteleiga frå tamreinlaget var på kr.388.420 . Overbeiting av villrein i grenseområda mot Skjåk var vanleg å sjå også dette året. Det vart observert bukkeflokkar på vårbeite heilt over til Høydalssetrene og Netoseter. Men korridoren som vart laga som jaktfritt område frå kommunegrensa og ned i Lundadalen, fungerte, slik at flokkane trekte over att til villreinområdet tidlegare på hausten enn før.

4. ANNA AREALDISPONERING – VERNEOMRÅDE.

Fritidshytter.

Det vart ikkje utvist noko nytt feste til fritidshytte.

Byggesaker på Juvasshytta, Glitterheim og Memurubu

Turistanlegg.

På Juvasshytta vart det bygt nytt renseanlegg. Nødvendig bygning for dette vart liggjande innanfor det arealet som Juvasshytta disponerer.
DNT-Glitterheim la fram planar for ei oppgradering av avløps- og renseanlegget sitt, som er tenkt gjennomført i 2018. Vidare søkte dei og fekk løyve til oppføring av eit nytt hus som sjølvbetjeningskvarter. Det gamle skulle omdisponerast til andre behov for drifta av turisthytta.

Memurubu turisthytte søkte og fekk løyve til eit tilbygg med utviding av varemottak og personalrom.

Anna arealdisponering – kraftutbygging.

Uttale til endring av manøvrerings-reglementet for Tesse

Det vart ikkje gjort grunndisponeringar til andre formål i løpet av året som fjellstyret kom med uttale til.

Fjellstyret uttala seg til planar frå regulanten om ei omsøkt endring av manøvrerings-reglementet for Tesse, der dei i likskap med Tesse fiskarlag og Lom kommune gjekk imot dei nye planane. Avgjerd i saka er ikkje teke av NVE ennå.

Verneområda i allmenningen.

Ordførar Bjarne Eiolf Holø styremedl. i Jotunheimen NP-styre

For verneområda ligg det føre eigne årsrapportar som omhandlar gjennomførte tiltak, utviklingstrekk og besøksstatistikk m.m.

Bilde 5: Eksempel på ledegjerde på råket mot Sjugurdtind

Sherpaer i arbeid på stigen mot Besseggen og Sjugurdtind

Jotunheimen nasjonalpark.
Ordførar Bjarne Eiolf Holø var Lom kommune sin representant i Områdestyret for Jotunheimen nasjonalpark. Oppsynskorpset i nasjonalparken var det same som åra før.
Av skjøtselsarbeid i verne-området var ettersyn og vedlikehald av tidlegare utført arbeid på stigane det viktigaste. Ei gruppe sherpaer låg ei tid i steinbua ved Memurubu og arbeidde på råka opp for

Sjugurdtind og mot Besseggen. Mykje av arbeidet bestod i å mure ledegjerde for å samle trafikken etter ei løype, og hindre at stigen flyt utover og vert stadig breiare.

Informasjonspunkt ved Sognefjellshytta

Arbeidet med informasjonspunktet for nasjonalparkane Jotunheimen og Breheimen ved Sognefjellshytta pågjekk for fullt, men er ikkje avslutta ennå. Dette skjer i samarbeid med Sognefjell turisthytte og "Turistveg-prosjektet", og er ei omfattande tilrettelegging med m.a. bru over Fantesteinsvatnet og tilrettelagt gangveg ut i terrenget til utsiktspunkt, med fleire mindre informasjonstavler langs vegen.

Galdhøpiggrennet den 22. april – redusert deltaking – 150 delt.

"Galdhøpiggrennet" vart arrangert laurdag den 22. april. Sterk vind og snøbyger resulterte i at det var noko vanskelege kjøreforhold. Deltakinga på dette rennet har vore dalande, og dette året deltok berre ca. 150 løparar.

Besseggenløpet den 24. juni – 86 delt.

"Besseggenløpet" frå Memurubu til Gjendesheim vart arrangert laurdag den 24. juni med totalt 86 startande (123 i 2016). Også ved dette arrangementet var det ein nedgang i deltakartalet.

Varaordførar Anne Lise Marstein styremedl. i Breheimen NP-styre

Breheimen nasjonalpark m/tilliggjande verneområde.
I områdestyret for Breheimen nasjonalpark var varaordførar Anne-Lise Marstein Lom kommune sin representant.

Nye grenseskilt for verneområda

Skrotet som vart rydda or "Spiralgrotta" i Dummdalen i 2016, vart køyrt ut på vinterføre. Alle grenseskilta ved stigar inn mot verneområda vart utskifta med dei nye skilta som er laga til formålet.

5. EIGNE HYTTER OG ANLEGG.

Fjellstyrehyttene.

377 utleigedøgn av fjellstyrehyttene

14,6% til innanbygds

Bruttoinntekt av leige på kr.159.103 – ein auke på 11,5%

Auken i utleiga av fjellstyrehyttene heldt fram også i 2017. I talet på overnattingsdøgn auka det frå 334 døgn i 2016 til 377 døgn i 2017. Av dette var det berre 55 døgn, eller 14, 6% utleige til innanbygdsbuande. Dette er ein lågare % enn før, da auken i utleige vesentleg har vore av utanbygdsbuande. I omsetning var det ein auke på 11,5 % til ei brutto-inntekt på kr.159.103.

Diagram 1: Utleiga av fjellstyrehyttene dei 7 siste åra



Det meste av hytteleiga går via www.inatur.no

Det var 8 hytter til utleige. Gjendehytta, Heranosbua og Geitåbua var disponerte av beitelaga den tida det var beitedyr i områda. Veslfjellbua vart ikkje marknadsført som utleigehytte. Med unntak av Geitåbua og Veslfjellbua låg alle hyttene ute på salssidene til www.inatur.no , og det meste av utleiga skjedde over internettet. Dette har letta administrasjonen av hytteleiga. Det blir opna for sal av hyttene for kvart år ved årsskiftet, etter at vi har gått inn og sperra for dei periodane vi veit at hyttene er opptekne, deriblant bruken av hyttene i oppsynsarbeidet.

Enkelt vedlikehaldsarbeid, tilsyn og forsyning med gass og ved til hyttene utgjorde ein ganske stor del av arbeidsmengda til oppsynet. Forbruket av ved og gass har auka, og meir bruk har nødvendiggjort hyppigare tilsyn med hyttene. Vask og reinhald av hyttene skal skje av leigetakarane. Dette har for det meste gått greitt, men noko slurv var det inniblant, og da fall det attende på oss som utleigarar. Det har ikkje vore kapasitet til ein sjekk etter kvar utleige-periode, men det vart etterstreva og vera innom hyttene så ofte som råd. Både Grønbua og Geitåbua vart beisa i løpet av sommaren. Geitåbua med god hjelp av Unn Tråstad, ein av seterbrukarane på Neto.

Geitåbua og Grønbua beisa

Bilde 6: Nye glas i Storådalshytta

Nye vindauge i Storådalshytta

Av større vedlikehaldsarbeid vart det skifta vindauge i Storådalshytta. Dette vart gjort med innleigd hjelp.

Tilsagn om midlar til oppføring av ny Veslfjellbu– kr.210.000 i spelemidlar frå Norsk Tipping – kr. 100.000 frå Grunneigarfondet

Planlegginga og førebuinga med å rive den gamle og få opp ei ny hytte ved Krossbu fortsette, og det vart inngått ei samarbeidsavtale med tamreinlaget om det. Det vart søkt om tilskot til tiltaket både av Grunneigarfondet og av spelemidlar hos Norsk Tipping. Både plassane gav tilsagn om stønad, kr. 210.000 i spelemidlar, og kr. 100.000 av Grunneigarfondet. Båe sette frist at tiltaket skulle gjennomførast i løpet av 2018.

Joflyvegen.
Fjellstyret har ennå att knust veggrus på lager i Smådalen. Det vart kjørt på Joflyvegen ein del lass til utbetring spesielt i stigninga opp frå Smådøla.

6. VILTSTELL OG JAKT.

Småvilt.
Det var mange år sidan det vart observert så bra med rypekull før jakta som det vart gjort dette året. Dette galdt særleg for fjellrype. Da det også var ein aukande bestand av smågnagarar utover sommaren, var det forhåpningar om ein bra rypehaust. Lirypetakseringa varierte likevel noko frå område til område, og totalt sett varsla vel denne om berre ein middels god bestand.

Dagskvote på 3 ryper – med maks 2 liryper

Det vart sett ein dagskvote pr. jeger på tre ryper, og av denne kvoten kunne det vera maks to liryper.

Jaktstart den 15. sept.

Jaktstart var som før, den 15. september, og det var avgrensa kortsal til jegerar utan hund i perioden 15. – 28.9. Perioden var delt i to á 7 dagar med ein kvote på 75 kort for kvar periode. Frå den 29.9. var det fritt kortsal. For utanbygds jegerar med hund, var jaktordninga som tidlegare, med ein kvote på 40 kort dei to første vekene av jakta. Søknadsfristen for jaktkort for utanbygdsbuande var den 1. april.

Regulert sal til utanbygdsbuande dei to første vekene

133 søkjarar til jakt med hund

184 søkjarar til jakt utan hund

480 jaktkort

Det var 133 utanbygds jegerar som søkte om småviltjakt med hund, og 184 utanbygds jegerar utan hund. Dette var nesten det same som året før av jegerar med hund, og ein auke på 25 av jegerar utan hund i forhold til 2016. Det vart totalt selt 480 jaktkort, ein auke på 4 kort frå 2016. Fordelinga mellom innanbygds og utanbygds var 104 kort til innanbygds og 376 kort til utanbygds jegerar.

Bilde 7: Haustjakt i Mytingsfjellet

75 kort med hund og 405 kort utan hund

Fordelinga mellom jaktkorta for jakt med hund og jakt utan hund var 75 og 405. Tre jegerar nytta seg av tilbodet om gratis jaktkort for fyrstegongs-jegerar, alle utanbygdsbuande. Det digitale salet av jaktkort gjennom Inatur var på snaut 20 % av totalsalet, og ingen auke frå ifjor

Bruttoinntekt av småviltjakta på kr.227.080

Bruttoinntekta av småviltkortsalet vart på kr. 227.080, ein auke frå fjoråret på 8,5%.

Uendra jaktkortprisar

Kortprisane vart oppjusterte før sesongen 2013 og var uendra i 2017. Følgjande prisar galdt:

Tabell 1: *Kortprisar for småviltjakt.*

Korttype	***Innanbygds u/hund***	***Innanbygds m/hund***	***Utanbygds u/hund***
1-døgn	*85*	*120*	*170*
Veke	*350*	*450*	*700*
Sesong	*450*	*550*	*900*

Elles galdt dette for prisfastsetjinga:
Utanbygdsbuande med hund i perioden 15.-21.9. og perioden 22.-28.9, og harejegerar i perioden 11.10.-20.10: kr. 900.

Harejakt m/hund for utanbygdsbuande frå den 11.10. og ut sesongen (23.12. m/hund): kr.900, og frå den 21.10. og ut sesongen kr.750.

Dei som løyser berre dagskort for ein eller fleire dagar, må betale full pris for sesongkortet etter den regulerte perioden, dersom dei ynskjer å løyse dette. Dei som løyser vekeskort, får tilbod om sesongkort til halv pris, altså eit tillegg på kr. 450 til prisen på vekeskortet, dersom dei ynskjer å løyse sesongkort etter den regulerte perioden.
Sesongkort for jakt med hund gjeld også for jakt utan hund i månadene januar og februar (innanbygdsbuande og utanbygds harejegerar).

Tabell 2 syner jaktstatistikken for jaktåret 2016/2017, da alle fangst-rapportane frå 2017/2018 ennå ikkje er innkomne.

Tabell 2: *Fangststatistikk for rype 2016 (2015 i parantes).*

Jegergruppe	Vilt/jeger	Dagar/jeger	Vilt/dag	Svar-%
Innanbygds utan hund	4,0 (2,9)	6,8 (6,0)	0,6 (0,5)	32,2 (43,5)
Innanbygds med hund	3,8 (1,6)	4,6 (6,0)	0,8 (0,3)	20,0 (29,6)
Utanbygds utan hund	2,2 (1,1)	2,9 (2,5)	0,7 (0,4)	77,1 (49,8)
Utanbygds med hund	2,6 (1,4)	3,6 (4,9)	0,7 (0,3)	66,7 (66,7)

Statistikken må vurderast kritisk. I 2015 var dagskvoten på berre ei rype pr. jeger, og dette vil sjølvsagt ha ein stor innverknad på fangststatistikken dette året.

Liten harebeatnd

Av harejegerar med hund har vi ei fast "stamme" av 7-8 utanbygds jegerar. Rapportane frå dei tyder på at det var magert jaktresultat, og ein liten harebestand.

Villrein.

4 dyr felt av ein kvote på 5 dyr av villrein

Fellingskvoten for villrein var, som den har vore dei siste åra, på fem dyr. Det vart felt fire dyr. Alle korta gjekk til innanbygdsbuande. Prisen på jaktkorta var: kr.750 for kalv, kr.1.600 for simle/bukk under 40 kg og kr.3.000 for fritt dyr, som var ei oppjustering av prisane frå i fjor. Vi følgjer dei gjeldande prisane Finndalen fjellstyre har til kvar tid.

Oppjustering av villreinkortprisane

Jakttida var frå den 20. august til og med den 14. september. Det var forbod mot jakt om kvelden/natta etter kl. 19.00 . På tysdag og onsdag i to av vekene midt i jakta, altså 4 dagar totalt, var det opne jaktgrenser på det sentrale nordområdet. Dette var ei innkorting av tida i høve til tidlegare år.

Det var fint ver store delar av jakttida, og bra med dyr på Finndalsområdet i starten av jakta. Den trekte deretter meir vestover, men ein stor del kom attende mot Finndalen dei siste jaktdagane.

Fellingsprosent på 62,8 i Reinheimen-Breheimen

Fellingsprosenten for Reinheimen-Breheimen villreinområde vart på 62,8 % (70,6 % i 2016).

Elg- og hjort.

Redusert kvote av elg, og auka kvote av hjort i Bøverdalen v.o.

Trass i høge kvotar for både elg og hjort dei siste åra, var hjorteviltbestandane framleis høge. Kvoten på elg vart redusert eit grann for jaktfelta i Bøverdalen viltområde, medan hjortekvotane vart auka.

Grunnkvote på 9 dyr av elg, og 10 av hjort i Bøverdalen v.o

Grunnkvoten av både elg og hjort vart på 10 dyr av kvart slag. Oppdelinga i fire felt i Bøverdalen v.o. vart oppretthalde med dei same grensene. På feltet ved Gjende, som også inngår i Bøverdalen v.o., var det ikkje jakt dette året heller.

Jaktfeltet Visdalen/Leirdalen for innanbygdsbuande, med jaktleiar Jo Sole Runningen, hadde ein kvote på 3 elgar og 3 hjortar, og heile kvoten vart felt.

Jaktfeltet Ytterdalen for utanbygdsbuande, med jaktleiar Tom Espen Trangsrud, Slattum, hadde ein kvote på 3 elgar og 3 hjortar. Heile elgkvoten vart felt, medan det vart felt berre 1 hjort.

Jaktfeltet Høydalen/Bøverdalen for innanbygdsbuande, med jaktleiar Arvid Larsen, hadde ein kvote på 3 elgar og 4 hjortar, og heile kvoten med unntak av ein hjort, vart felt.

Kvote på 2 hjortar i Vårdalen n. for Otta elv

Bilde 8: Elgfall. Illustrasjonsfoto.

Jaktfeltet i Vårdalen s.a. på nordsida av Otta-elva, for innanbygdsbuande, med Johannes Smedsmo som jaktleiar, hadde ein kvote på to hjortar. Det vart felt eitt av dyra.

Kvote på ein elg i Vårdalen/Smådalen

Jaktfeltet Vårdalen/Smådalen var for utanbygdsbuande, og jaktlaget til Egil Kveen, Vågå, hadde jakta. Kvoten var på ein vaksen okse av elg, som vart felt.

Totalt 100% felling av både elg og hjort i alle jaktfelta

Etter at jakttida for jaktlaga var ute, den 31.10., vart det seld 5-døgns jaktkort på dei hjorteløyva som var att av grunnkvoten. Det vart seld 7 hovudkort av desse, og det vart felt tre dyr.

Fellesjaktavtala med Runningsgrenda grunneigarlag vart vidareført, og likeeins avtala om leige av den private grunnen i Leirdalen.

Det skjedde eit par gonger at det vart varsla om påskyting utan at det datt vilt, slik at det vart behov for ettersøk. Ingen av tilfella resulterte i at det vart påvist felling. Elles var alle jaktlaga og enkeltjegerane flinke til å melde frå om felling til rett tid, og alle dyra vart kontrollert og vege av oppsynet.

Bruttoinntekt av storviltjakta på kr.167.836

Brutto inntekt frå elg- og hjortejakta vart på kr.167.836 , ein nedgang på snaut 20.000 frå året før.

Rådyr.

Til bukkejakta av rådyr vart det selt to kort i Leir- og Bøverdalen s.a. og eitt kort i Vårdalen s.a. nord for Otta elv. Det vart felt to bukkar i Bøverdalen, medan det i Vårdalen s.a. ikkje vart felt noko dyr. I dette området vart det registrert ei familiegruppe av gaupe denne hausten, og dette har heilt tydeleg desimert

5 rådyr av kvoten på 5 felt i Bøverdalen

0 rådyr av 2 felt i Vårdalen s.a.

rådyrbestanden i området. Av rådyrkvoten på fem dyr var det såleis att tre kort i Bøverdalen til den ordinære rådyrjakta, og alle desse vart felte. Eit sjeldan bra fellingsresultat for rådyr.

Bruk av hund til rådyrjakt var tillate frå den 1.11. og ut jakttida.

Rovvilt.

Det vart drive jervsporing og kartlegging av hilokalitetar over heile kommunen etter oppdrag frå, og i samarbeid med SNO, som tidlegare år. Det vart ikkje påvist yngling i allmenningen, men ikkje langt unna. Dette var tredje året på rad det vart fastslege yngling i denne lokaliteten. Trass i dette har det i området ikkje vore tap av beitedyr som kan førast attende til at dei har vore tekne av jerv.

Auka rovfuglobservasjonar

Dei to siste åra har det vore ein auke i talet på rovfuglobservasjonar. Dette heng tydeleg saman med ein oppgang i smågnagarbestanden. Spesielt i den vestlege delen vart det registrert ein aukande bestand av lemen utover sommaren og hausten.

7. FISKE.

Fiskekortsalet.

Bruttoinntekt av fiskekortsalet på kr.285.270

Bruttoinntektene med fiskekortsalet auka frå kr. 255.688 i 2016 til kr. 285.270 i 2017. Dette galdt dei samla inntektene både med eigne fiskekort og inntektene frå Jotunheimen-kortet. Avtala om Jotunheimen-kortet som vi hadde med med Vågå fjellstyre og Luster austre fjellstyre om eit stongfiskekort i dei sentrale delane av Jotunheimen, vart endra ein del før sesongen dette året. Grensene for det felles området vart justert ein del, slik at både Lom fjellstyre og Luster austre fjellstyre bidreg med meir areal og fleire vatn. For Lom sin del går nå grensa etter Dummdalen mot Storvatnet og fylkesgrensa der. Heile Sognefjellet vart såleis nå med i denne kortordninga, og dette resulterte m.a. i at kortet vart meir interessant for fiskarane her. Som ein konsekvens av endra grenser for fiskekortområdet vart også fordelinga av inntekta mellom samarbeidspartane endra, slik at Lom har 60%, medan Luster og Vågå har 20 % kvar. Lom har i tillegg til dette ein prosentdel for å administrere ordninga. Prisane på Jotunheimenkortet vart også oppjusterte litt før sesongen. Vidare vart kortordninga marknadsført meir aktivt gjennom sidene til Fishspot på nettet, og med nye plakatar til oppslag på turisthyttene

Grensene og avtala om Jotunheimen-kortet endra

Bilde 9: Flugufiske ved Leirvassbu.

Prisane på Jotunheimen-kortet oppjusterte

Prisane på eigne fiskekort uendra

Prisane på fiskekorta var uendra frå 2016.

Tabell 3: *Gjeldande prisar på eigne fiskekort i 2017.*

Kort-type	Stongkort		Stong-/oterkort		Kort for fast.reiskap	
	Enkelt-kort	Fam.kort	Enkelt-kort	Fam.kort	Enkelt-kort	Fam.kort
1-døgn	*75*	*120*	*100*		*90*	
3-døgn	*150*	*220*	*180*		*170*	
Veke	*250*	*350*	*350*		*300*	
Sesong	*400*	*500*	*500*	*650*	*450*	*600*

Utsetting av 3.866 settefisk på 22 vatn/elvar

Utsetting av settefisk.

Det vart totalt sett ut 3.866 kjøpt frå AS Vågåfisk i Randsverk, resten, 516 settefisk, var kjøpt av Hydro i Luster. Utsetting skjedde på 22 lokalitetar, slik det går fram av tabell 4. Det var vinterutsetting av fisk på nokre vatn, i Visdalen, Juvvatnet og Trondsholstjernet. Settefisken til Langvatnet vart merka med klypt feittfinne. Dette var åttande året på rad med merking av settefisken til Langvatnet, og den eldste vil truleg vera i fangbar storleik nå.

Vinterutsetting på 4 lokalitetar

Omframt til eit to-tre vatn stod oppsynsmannskapet for all transporten og utsetjinga av settefisken.

Tabell 4: *Utsettingar av settefisk i 2017.*

Vassdrag	**Lokalitet**	**Stamme**		
		Gjende	Lemonsjø	Hafslo
Veo	N.Steinbuvatnet		200	
	Veo elv		300	
Bøvra	Tussevatnet		100	
	Svarttjernet		150	
	Øvre Nufstjernet		300	
	Tverrbott-tj. i Visdalen	200*		
	Semmelholstj.	200*		
	Juvvatnet	400*		
Sjoa	Langvatnet	800		
	Trondsholstjernet	200*		
Otta	Øvre Teppingstjernet		100	
Smådøla	Eilevsvatnet		400	
Fortun	Vakkertjernet			90
	Trivelegtjernet			80
	Embare			40
	Såe			40
	Sleivgrovtjerna			60
	Gilkjæret			40
	Huldertroi			36
	Djupholet			100
	Trollauga			30
SUM		1800	1550	516

Lokalitetar merka med * er utsettingar på islagte vatn.

Prøvefiske i Bukkebotn

Anna kultiveringsarbeid.

Det vart prøvefiska i Tverrbyttjernet i Bukkebotn. Strålande ver, men liten fangst. Det gav likevel klart svar på det vi hadde ein mistanke om, at det har vore vellykka gyting der. Det var mange fiskar som tydeleg var yngre enn frå siste utsettinga av settefisk her, som var i 2006. Dette fører til at vi her må vise varsemd med fleire utsetjingar for å unngå ei overbefolkning i vatnet.

Liten bruk av båtane til fjellstyret

Anna om fiskestellet og informasjonsarbeid.

Båtane fjellstyret hadde til utleige var som vanleg lite nytta, med unntak av båten ved Langvatnet.

Bilde 10: Lars og Lars vel installert i steinbua ved Memurubu.

I samarbeid med Norges fjellstyresamband, Inatur og fjellstyra i Sel og Vågå, gav fjellstyret tilskot til eit prosjekt Lars&Lars (Lars Nilssen og Lars Lenth) skulle gjennomføre i Sel og Jotunheimen, kalla "To i Norge ved to av dem". Dei skulle gå i fotspora etter dei tre engelskmennene som i 1880 fiska seg oppover Gudbrandsdalen og til slutt enda opp ved Memurubu, der dei låg fast vel ein månads tid og dreiv både jakt og fiske. Turen resulterte i boka "Tre i Norge ved to av dem", som har vore ein klassikar for alle fiske- og turinteresserte. Prosjektet resulterte i fire filmsnuttar frå områda her, som alle ligg ute på heimesidene til Fjellstyresambandet, og på VG-Tv. Den siste av dei er om ein tur saman med fjelloppsynet til Memurutunga, der heile turen blir innan statsallmenningen i Lom. Fjellstyret gjekk med i prosjektet med forhåpningar om at det vil ha ein viss marknadsførings-effekt for å auke fritidsfiske i områda våre, og dermed fiskekortsalet.

Bilde 11:: Lars Nilssen gjer opptak ved Grunnevatnet.

8. ØKONOMI.

Etter søknad vart det gjeve tilsagn om desse tilskota frå fjellkassa i 2017:

- Driftstilskot til Storådalen beitelag kr. 25.000
- Driftstilskot til Veodalen beitelag kr. 25.000
- Tilskot til sluttarbeid med samletrå i Veodalen kr. 10.000
- Vedlikehald av Mytingsvegen kr. 20.000

Totalt **kr 80.000**

Om økonomien elles i fjellkassa, så vert det vist til rekneskapen.

Lom, april 2018

Erik Frisvold
leiar

Svanhild Lyngved
nestleiar

Bjørnar Brustuen
styremedlem

Ellen Olasveen
styremedlem

Norvald Hellekveen
styremedlem

Odd Repp
dagleg leiar